



Hlm Arkitektur AS
C. Sundts gate 1
5004 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/16 - 21/23867

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
10.04.2021

Igangsetjingsløyve (7) for utanomhusanlegg - gbnr 137/75 Alver

Administrativt vedtak: Saknr: 451/21
Tiltakshavar: Alver kommune
Ansvarleg søkjar: Hlm Arkitektur AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 21-2 5.ledd, vert det gjeve løyve til igangsetjing av arbeidet med utanomhusanlegget på følgjande vilkår:

- **Rammeløyve av 19.07.2021 med vilkår gjeld for tiltaket.**

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetjingsløyve for utanomhusanlegg i samsvar med rammeløyve for tiltak på gbnr 137/75 datert 19.07.2021.

Søknaden har vore registrert på både gbnr 137/75 og gbnr 137/821. Eigedomane er no samanføyd og gbnr 137/75 er vidareført.

Det er gitt rammeløyve i vedtak datert 19.07.2019, igangsetjingsløyve (1) for veg- og grunnarbeid utanfor BOP3 og avgraving av matjord innafor o_BOP3 i vedtak datert 23.08.2019, igangsetjingsløyve (2) for grunnarbeidet innafor o_BOP3 i vedtak datert 24.09.2019, igangsetjingsløyve (3) for vass- og avløpsanlegget i vedtak datert 28.10.2019, igangsetjingsløyve (4) for råbygg og sanitæranlegg i vedtak datert 05.02.2020, igangsetjingsløyve og løyve til endra plassering av mur mellom SGS2 og SGS5 i vedtak datert 17.02.2020, igangsetjingsløyve (6) for tett hus og innvendig arbeid i vedtak datert 20.05.2020 og løyve til endring av godkjend tiltak (mur og levegg) i vedtak datert 05.03.2021.

Det vert elles vist til søknad mottatt 22.03.2021.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 22.03.2021 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato, dvs. 12.04.2021.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Ansvarsområde og føretak går fram av gjennomføringsplan datert 22.03.2021.

Aktuelt regelverk

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/16

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Borfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG

Mottakarar:

Hlm Arkitektur AS

C. Sundts gate 1 5004

BERGEN